

## OM FASTE

Fastetida er eit godt høve til å fordjupa seg i Bibelen. Fastetida kan bestå i å avstå frå mat og andre ting, men hovudfokus er å ha merksemd på Gud. Ein kan knyte bibellesinga saman med bøn, Fadervår og stille.

Fastetida i år er mellom 06.mars og 14.april

### Fastetema "SJÅ JESUS"

- Fastetida innbyr oss til å lata trua festa seg djupare i oss. Det skjer ikkje først og fremst med å sjå på eiga kraft eller prestasjonar, men ved å festa blikket på Gud. Gjennom bøn, lesing og stille kan vi invitere Gud til å fylla oss med sin Ande og gje oss kraft og rettleiing.

- Hos Gud finst det vi leitar etter og treng: Kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik og truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin (Gal 5, 22-24). Dette er kjenneteikn ved Gud som han ynskjer å gje til oss. Berre av nåde kan vi ta imot Guds velsigningar. Sett av tid desse vekene til å grunna over det Gud gjev til deg. Du får moglegheit å sjå Jesus på nytt.

### Korleis faste?

- Fastetida kan vere ei tid for å gjera meir av noko og mindre av noko anna. Ein kan gjere noko saman med vener, familie, born eller barnebarn; gje pengar til gode føremål, spesielt Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, inviter nokon på middag, be for spesielle personar og mykje anna. Ver kreativ! Ein kan skjera ned på det som tar vårt fokus på det viktigaste; mat, TV, nettet, facebook, aviser. Teksten i kyrkja i fastetida er : Oskeonsdag: Matt 12,38-42, 1. søn. i faste: Matt 16,21-23, 2. søn. i faste: Lik 7,36-50, 3. søn. i faste: Mars 9,17-29, 4. søn. i faste: Joh 3,11-16.


### Forslag til andaktstund

- Les bibelteksten
- Bøn
- Fadervår:
- Velsigning:

*For alle som står meg nær, for alle eg tenkjer på, for dei og for meg sjølv ber eg: Velsign oss Gud Fader. Velsign oss, Guds Son. Velsign oss, Guds Heilage Ande. Amen.*

### Til ettertanke:

På kva for område skapar trua forandring i mitt liv?



Hareid kyrkje og

# FASTETIDA 2019



Nei, dette er fasta eg har valt: å løysa urettferdige lenkjer, sprengja banda i åket, setja undertrykte fri og å bryta kvart åk sund, å dela ditt brød med svoltne og la hjelpelause og heimlause koma i hus. Jes.58,8

Hjarteleg velkomne alle og einkvar

# Velkomne til samlingar med ettertanke

Hareid kyrkje inviterer til samlingar kvar onsdag i fastetida, i tillegg til vanlige gudstenester. Innhaldet er variert, og vi vonar her er noko for ein kvar smak.

## Program

Onsdag 06.mars kl.19.30 Oskeonsdagsgudsteneste  
Leidulv Ø.Grimstad, Ida Teige og Hareid blandakor.  
Nattverd

Onsdag 13.mars kl.20.00 Konsert med Stig Ulv.  
Billett kr.150,-

Onsdag 20.mars kl.19.30 Per Sivle kveld med Kjell Einar  
Ljones.

Onsdag 27.mars kl.19.30 Salmekveld med Ørsta kyrkjekor  
og Ørsta Bedehus Brass


Onsdag 03.april kl.19.30 Solidaritetsgudsteneste med  
konfirmantar, Leidulv Ø.Grimstad, Hareid Ten-Sing m.fl.

Onsdag 10.april kl.19.30 Påskevandring for ungdom/  
vaksne. Song av Pernille Grimstad.

Gudstenester kvar søndag kl.11.00

Søndag 10.mars vert på Hjørungavåg bedehus, dei andre i kyrkja. På Hjørungavåg deltek Barnekantoriet med song.

## Smakebit av programmet:



### Konsertkveld

Onsdag 13.mars kl.20.00 NB! Merk tida!

- Stig Ulv
- Innspeling av plate
- Billettsal i døra



### Salmekveld

Onsdag 27.mars kl.19.30

- Fastesalmar
- Ørsta kyrkjekor
- Ørsta Bedehus Brass



### Påskevandring for vaksne

Onsdag 10.april kl.19.30

- Vandring gjennom påskedagane
- Barbro Landmark
- Pernille Grimstad



DEN NORSKE KYRKJA  
Hareid Sokn